

Tilskot til læremiddel i kategorien smale fagområde

Generell informasjon, prioritering for utlysinga i 2024 og søknadsskjema.

TILSKUDDSORDNING | SIST ENDRET: 09.01.2024

Smale fagområde er eit av fire område innanfor ordninga tilskot til læremiddel og pedagogisk barnehagemateriell. Formelle krav, lov-/forskriftskrav og annan generell informasjon finn du i utlysinga av ordninga.

Prioritering for området heng saman med dei andre områda i ordninga:

- Læremiddel/pedagogisk barnehagemateriell for språklege minoritetar
- Særskilt tilrettelagde læremiddel/pedagogisk barnehagemateriell
- Parallelle utgivingar

Generell informasjon om smale fagområde

Med smale fag meiner vi fagområde med færre enn 3000 elevar på landsbasis i årskullet.

Læremiddel i kategorien smale fagområde skal ligge føre på bokmål og nynorsk til same tid og same pris. For årskull under 300 elevar kan læremiddelet givast ut som ei fellesspråkleg utgåve med 60 prosent av teksten på nynorsk og 40 prosent på bokmål, eller omvendt.

Prioriteringar for 2024

Du kan søke støtte til å lage nye læremiddel eller til å revidere eksisterande læremiddel. Vi prioriterer

digitale læremiddel til dei fagområda/faga som står på prioriteringslista:

Studieførebuande – prioriteringar 2024 smale fag

Årstrinn	Fag- og fagområder	Utdanningsprogram
vg1/vg2/vg3	Design og arkitektur (KDA02-02)	Kunst, design og arkitektur
vg1/vg2/vg3	Kunst og visuelle verkemiddel (KDA01-02)	Kunst, design og arkitektur
vg1	Lytting (MDD03-02)	Musikk, dans og drama
vg1	Musikk (MDD05-02)	Musikk, dans og drama
	Fransk nivå 3 (PSP01-03)	Studieførebuande
	Italiensk 2 og 3 (PSP01-03)	Studieførebuande
vg2/vg3	Geofag 2 (GFG01-02)	Studiespesialisering, realfag
vg2/vg3	Reiseliv og språk (RSP01-02)	Studiespesialisering, SSR

Yrkesfag – prioriteringar 2024 smale fag

Årstrinn	Fag- og fagområder	Utdanningsprogram
vg2	Vg2 anleggsteknikk (ANL02-03)	Bygg- og anleggsteknikk
vg2	Vg2 klima, energi og miljø (KEM02-03)	Bygg- og anleggsteknikk
vg2	Vg2 datateknologi og elektronikk (DEL02-03)	Elektro og datateknologi
vg2	Vg2 drone (DRF02-01)	Elektro og datateknologi
vg2	Vg2 blomsterdekoratør (BLD02-03)	Frisør, blomster, interiør- og eksponeringsdesign
vg2+vg3 i skole	Vg2 fotterapi og ortopediteknikk (FOT02-03) + Vg3 fotterapi (FOT03-03)*	Helse og oppvekstfag
vg3 i skole	Vg3 apotekteknikk (APO03-03)	Helse og oppvekstfag
vg2	Vg2 urmaker (UIM02-03)	Håndverk, design og produktutvikling
vg2	Vg2 service, sikkerhet og administrasjon (SSH02-01)	Salg, service og reiseliv
vg1/vg2	Vg1 og vg2 salg og reiseliv (SRL02-01)**	Salg, service og reiseliv
vg2	Vg2 industriteknologi (PIN02-03)	Teknologi- og industrifag

**Merk at begge læreplaner må sjåast i samanheng ved utvikling av læremiddel.*

***Læreplanen vart stroke frå lista 25.01.24 og er ikkje ei prioritering i årets utlysing.*

Nokre fag/fagområde er nært beslekta. Om du søker for fleire fag/fagområde i samme prosjekt, skal du gjennom søknaden skildre:

- korleis faga skal sjåast i samanheng
- korleis oppbygginga av læremiddelet støttar samanhengen mellom faga

Læremiddel i kvensk og finsk som andrespråk

Læremiddel til læreplanen i kvensk eller finsk som andrespråk (KEF01-01) har ei øyremerkte pott. I 2024 vil Udir gje inntil 2 millionar kroner til slike prosjekt.

Du kan søke om støtte til å produsere læremiddel eller til revisjon av eksisterande læremiddel. Du kan og søke om å tilpasse eksisterande læremiddel frå Finland og Sverige slik at desse kan brukast i opplæring etter læreplan for kvensk eller finsk som andrespråk.

Vi prioriterer læremiddel som:

- er digitale
- som tek omsyn til både skriftleg og munnleg kommunikasjon i tråd med læreplanen
- kor sluttproduktet er laga for begge språk

Prosjekt med innhald på berre eitt språk vil vere støtteberettiga, men har lågare prioritet. Om det ikkje finst kvalifiserte prosjekt for kvensk eller finsk, vil pengane ikkje tilfalle andre smale fag. Dei vil nyttast til andre prosjekt som støtter opp om kvensk og finsk i opplæringa.

I arbeid med søknad for læremiddel til smale fag er det ein føresetnad at søkar gjer bruk av dei læreplanane eller utkasta som er tilgjengelege. Sjå udir.no for informasjon:

- [Læreplaner og informasjon om fagfornyinga](#)
- [Høring av nye læreplaner og endringer i læreplaner](#)

- Tilbudsstruktur videregående opplæring

Søknadsskjema

Søknadsskjema for smale fag

Frist: 15. mars 2024

Dersom du har spørsmål om tilskot til smale fag, ta kontakt med laremiddel@udir.no